Vi ber om at dei bekymringane som Norges Blindforbund Hordaland reiste på sitt årsmøte 23.04.2023 vert teke med i utarbeiding av ny samarbeidsavtale. Vi kan ikkje akseptere at tilbod til dei over 70 år vert forringa i nytt samarbeid. Vi meiner at Vaksdal kommune saman med dei andre kommunane i samarbeidet, bør kunne auke betalinga marginalt for å sikre at tilbodet vert som i dag eller betre.

Vi ber om at protokollmerknaden føl med vedtaket vidare.

Levekårsutvalet 07.03.2023

Behandling:

Samrøystes vedteke.

LEV - sak 04/2023 Vedtak/Tilråding:

Vaksdal kommune sluttar seg til samarbeidsavtalen for syns- og audiopedagogisk teneste Vestland.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 25.04.2023

Behandling:

Utsettingsforslaget vart samrøystes vedteke.

FPØ - sak 32/2023 Vedtak/Tilråding:

Saka utsettes til formannskapet 30.05. Formannskapet ber om at kommunestyret får ei orientering frå kommunen og Blindforbundet i Hordaland 09.05.2023

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 30.05.2023



Behandling:

Samrøystes vedteke.

FPØ - sak 54/2023 Vedtak/Tilråding:

Vaksdal kommune sluttar seg til samarbeidsavtalen for syns- og audiopedagogisk teneste Vestland.

Vi ber om at dei bekymringane som Norges Blindeforbund Hordaland reiste på sitt årsmøte 23.04.2023 vert teke med i utarbeiding av ny samarbeidsavtale. Vi kan ikkje akseptere at tilbod til dei over 70 år vert forringa i nytt samarbeid. Vi meiner at Vaksdal kommune saman med dei andre kommunane i samarbeidet, bør kunne auke betalinga marginalt for å sikre at tilbodet vert som i dag eller betre.

Vi ber om at protokollmerknaden føl med vedtaket vidare.

Kommunestyret 13.06.2023

Behandling:

Ordførar informerte kommunestyret om at innstilling frå formannskapet 30.05.23 ved ein feil ikkje er lagt inn som forslag til vedtak til kommunestyret.

Røysting:

Formannskapet sin innstilling til vedtak vart samrøystes vedteke.

KOM - sak 43/2023 Vedtak/Tilråding:

Vaksdal kommune sluttar seg til samarbeidsavtalen for syns- og audiopedagogisk teneste Vestland.

Vi ber om at dei bekymringane som Norges Blindeforbund Hordaland reiste på sitt årsmøte 23.04.2023 vert teke med i utarbeiding av ny samarbeidsavtale. Vi kan ikkje akseptere at tilbod til dei over 70 år vert forringa i nytt samarbeid. Vi meiner at Vaksdal kommune saman med dei andre kommunane i samarbeidet, bør kunne auke betalinga marginalt for å sikre at tilbodet vert som i dag eller betre.

Vi ber om at protokollmerknaden føl med vedtaket vidare.

44/2023: Interpellasjon - Rekruttering

Kommunestyret 13.06.2023



Vaksdal kommune

Behandling:

Ordfører svarte.

KOM - sak 44/2023 Vedtak/Tilråding:



ORIENTERINGAR:

Eksterne orienteringar:

- Kari Natland frå Nordhordland UNESCO Biosfære.
- Olav Lofthus frå fellesprosjektet Arna-Staghelle.

ORIENTERING FRÅ ORDFØRAR:

- 31.mai: Arbeidsgruppa for ordførarkjede var på besøk hos smykkkunstnar Hilde Rongevær på Frekkhaug.
- 1.juni: K5 konferanse i Bergen.
- 2.juni: Daledagane
- 3.juni: Kommunal vigsel. Møte på Eidsland knytt til et nytt bokprosjekt.
- 5.juni: Oppfølgjingsmøte etter fyrste arbeidsøkt i Stovelandutvalet. Møte i Korridor D8.
- 6.juni: Fagdag og årsmøte i Forum nye Bergensbanen i Oslo.
- 8.juni: Dialogkonferanse i regi av Kulturskulerådet.
- 9.juni: Møte i kontaktutvalet for K5. Møte i Valstyret. Planleggingsmøte for Songkafe. Kommunal vigsel.
- 12.juni: Styremøte og årsmøte i Sameige Vaksdal senter. Fyrste opne øving med folkemusikk frå Vaksdal kommune.

ORIENTERING FRÅ VARAORDFØRAR:

- 9.mai: Deltok på møte saman med andre kommunar som er berørt av Statnett sine planar for ny linjeføring.
- 1.juni: K5 konferanse i Bergen.
- 2.juni: Invitert av Blindforbudet i Hordaland til Solvik Syn - og mestringscenter.
- 8.juni: Generalforsamling i Fjord Norway.
- I juni har det vore mykje arbeid i høve Fylkestinget.

ORIENTERING FRÅ KOMMUNEDIREKTØR:

- 8.juni: Generalforsamling i Modalen-Eksingedalen Billag. Styreleiar Øyvind Olsnes blei takka av etter 3 år som styreleiar, ny styreleiar er Erlend Ragnvaldsen.
- 1.Juni: Møte med Eviny i Turbinen. Biosfære dagen i Knarvik.
- Det er bestemt at Sikri skal levere nytt system for sakshandsaming i kommunen. Oppstart i november 2023-
- Nytt rekrutteringssystem er også vald, systemet som er vald er JobbNorge.
- Kommunane i IKTNH må jobbe systematisk med beredskap og tryggleik. IKT utviklinga krev samarbeid og samhandling mellom kommunane.
- Jobben som kommunedirektør vert lettare av gode medarbeidarar. Kommunedirektøren takkar økonomisjef Kenneth Stokke for den gode jobben han har gjort i høve at han har sagt opp sin stilling frå 1.september 2023.

SKRIFTLIGE SPØRSMÅL:

Kjartan Haugsnes (SV):

Nye Elbil – ladarar på Vaksdal senter.

Kommunestyret gjorde mellom anna slikt vedtak i budsjett for 2022 etter forslag frå Sp, SV og Høgre: **«Det vert lagt til rette for ladestasjon på Vaksdal senter/senterområdet i 2022. Om mogleg skal det også leggest til rette for hurtiglading. Tiltaket vert å søke støtte til hjå Enova.**



Alle noverande og framtidige ladestasjonar i kommunal regi vert tilrettelagd for betaling i 2022.»

Kommunestyret har tidlegare blitt orientert munnleg om at Vaksdal kommune ikkje har fått stønad etter støtte frå Enova. Utover dette er kommunestyret ikkje orientert om prosess eller val av løysingar for ladestasjonar på Vaksdal senter.

Slik vi i SV har forstått det er lokalisering av ladestasjonar klarert med Coop som eig senterplassen.

Spørsmål:

Fleirtalet sitt budsjettpunkt om ladestasjon(ar) med moglegheit for hurtigladar for budsjett 2022 baserte seg på ein kommunal «eigenandel» og søknad til Enova. Vårt spørsmål er då følgjande:

1. Når kostnad for hurtigladar vart høgare enn avsett i budsjett, kvifor vart ikkje dette sendt tilbake til kommunestyret som sak slik at kommunestyret kunne tatt stilling til om å auke budsjettpost? Dette kunne vore gjort td. I budsjettet for 2023
2. Det er sett opp nye ladepunkt ved fleire lokasjonar enn Vaksdal senter – kva er totalkostnaden for dette og baserer dette seg på vedtaket frå 2022?
3. Ladepunkt ved arbeidsplassar og ved senter har forskjellig målgruppe – korleis er dette vurdert?
4. Er det gjort tiltak i høve kum/overvatn på delen av senterplassen der ladestasjonane er sett opp?
5. Er det undersøkt om Coop kunne vere del i spleiselag i høve etablering av hurtigladar på senterplassen?
6. Er det mogleg å kome med tilleggsbestilling i høve hurtigladar på senterplassen i det prosjektet som no nærmar seg ferdigstilling?

Svar:

1. Vedtaket opnar for hurtigladestasjon om dette er mogeleg. Kommunen har undersøkt dette. I dag er hurtigladarar etablert og drifta av kommersielle aktørar. I nasjonale føringar er avstandsmålet for hurtiglader minst 25 km utanom byane. I vårt område er det hurtigladar på Trengereid og Dale. Marknadsaktørane har vore tydelege på at ein ny hurtigladar på Vaksdal vil ha for dårleg inntekspotensiale til å kunne driftast. Kommunen er avhengig av ein operatør som kan drifte ladestasjonen.

Investeringskostnadane for hurtigladar er ca 2 mill. Det vil også vera nødvendig med ny trafo for å sikre tilstrekkeleg straumtilførsel, ein kostnad mellom 1,5-2,5 mill. Enova gjev ikkje lenger støtte til slik utbygging. Oppsummert er det vurdert at det ikkje er mogeleg å etablere hurtigladar på Vaksdal p.t. Om ladestasjonen på Trengereid skal flyttast under bygging av ny veg kan Vaksdal eventuelt vere aktuell plassering.

2. Ladepunkt ved nye bygg er finansiert i dei respektive prosjekta. Ladestasjonen på Vaksdal senter og Dale sentrum er finansiert av løyvde midlar i budsjettet i 2022, 2023 og tidlegare, samla 650.000. Det er gjennomført felles anbod for alle punkta for å få same operatør for alle ladepunkta.

3. Vi har henta inn informasjon frå andre kommunar og råd frå ulike driftsoperatørar. Råda har vore samstemte på at det bør vera like vilkår for alle kundar/målgrupper. Ein del kommunar har prøvd ut differensierte prisar/tidspunkt, men har gått bort i frå dette. Valt operatør, EON, har også tilrådd like vilkår for alle brukarar, både tilsette og andre. Kommunale elbilar som vert brukt i drifta vil ha eigen brikke for lading, kostnaden vert belasta kommunen.

4. I dialogen med Coop var drenering og kum tema og dei har meldt at dei skal ordne det.

5. Coop har eigne opplegg og avtalar som dei bruker der dei har etablert ladepunkt ved sine butikkar.



Det var derfor ikkje aktuelt for dei.

6. Sjå punkt 1.

Skriftleg spørsmål til ordførar frå Renathe Vik (Sp) til kommunestyret 13.06.2023

Oppfølging av gravide og barselforeldre.

I kommunestyre 21.02.23 tok innbyggjar Trine Duesund Straume opp ei bekymring for korleis jordmortenesta vår fungerer. Senterpartiet ynskjer å fylgje opp innlegget med nokre spørsmål. Vaksdal kommune arbeider målretta for folketalsvekst. Familiar i etablererfasen er målgruppa me ynskjer å nå. For familiar som skal etablere seg og gjerne få fleire born er tryggleik og oppfølging gjennom graviditet og barsel svært viktig. Jordmor og helsestasjon er også dei første som får koma i kontakt med ein familie med nyfødde, og er slik eit svært viktig ledd i tidleg innsats og for å vurdere hjelpetiltak for å jamne ut forskjellar.

At det er mange stengte punkt på vegen mellom oss i Vaksdal og fødeavdelinga ved Voss Sjukehus er godt kjend. Dette kan vera ei ekstra uro for ventande foreldre i vår kommune.

Når det kjem til forskning på kvinnehelse har me ein veg å gå enno, jamfør NOU 2023:5. Seinskadar etter fødsel er framleis i 2023 noko ein gjerne ikkje snakkar høgt om, men som mange kvinner lever med og som begrense liva deira på ulike måtar i lang tid etter fødsel. Ingen fødsel er lik, og alle kvinner (og medforeldre) har behov for god og trygg oppfølging før og etter fødsel.

1. Kor mange hadde heimebesøk av jordmor i 2022 og 2019?
2. Kor mange hadde heimebesøk frå helsestasjon i 2022 og 2019?
3. Har tenestene ein strategi for å auka tal barselforeldre som takkar ja til heimebesøk?
4. Kva tilpassingar har blitt gjort og korleis er gravide foreldre informert rundt vegstengingar på kveld/natt om korleis ein kjem seg raskt til fødeavdelinga om naudsynt?
5. Er det vurdert/planlagt fødselsførebuande kurs i kommunal regi i Vaksdal?
6. Fødselstala i Vaksdal går per i dag ned. Ser ein at jordmor kan vera ein ressursa også i oppfølginga av barselkvinner i vår kommune?
7. Korleis blir flyktingane blitt fulgt opp av jordmor og helsestasjon, vert det gjort tilpassingar i oppfølginga på system- eller individnivå?

Svar:

Oppfølging av svangerskap og barsel skjer i ein kombinasjon mellom kommune og spesialisthelsetenesta. Normale svangerskap og barselsforløp vert følgt opp i kommunehelsetenesta i samarbeid med spesialisthelsetenesta. I dei tilfella det er komplikasjonar og ved risikosvangerskap, er det tett oppfølging frå spesialisthelsetenesta.

Vaksdal kommune kjøper 25 % jordmorressurs frå Helse Bergen. Dette har kommunen gjort sidan 1999, og er ei ordning som har fungert godt i mange år. Ut frå Helsedirektoratet sitt utrekningsverktøy for bemanning av jordmortenesta ligg Vaksdal kommune sin ressurs innanfor behovet knytt til å innfri lovverk, forskrift og nasjonale faglege retningslinjer for svangerskaps- og barselomsorga. Avtalen med Helse Bergen kan utvidast ved behov. Det vil sei at om folketalet og tal gravide går opp i Vaksdal, kan kommunen kjøpe meir jordmorressurs frå helseføretaket. Både Helse Bergen og Vaksdal kommune vurderer at 25 % jordmorressurs er nok pr i dag. Dette er same ressurs som kommunen hadde då tal fødselar var meir enn det doble av i dag.

Avtalen Vaksdal kommune har med Helse Bergen, sikrar kunnskapsbasert arbeid med oppfølging av gravide og barselforeldre. Det er sterkt anbefalt at jordmødre i kommunehelsetenesta, er knytt opp mot eit helseføretak. Det sikrar at jordmor får relevant erfaring med oppfølging i eit fagmiljø der ein følgjer nasjonale anbefalingar, og at jordmor får vedlikehalda og utvikla kunnskapen sin. Det er også



viktig og ein stor fordel at jordmødre deltek jamleg i fødsjar på sjukehus.

Kommunane kring Voss har same ordning som Vaksdal, med kjøp av jordmøtteneste gjennom Helse Bergen (Voss sjukehus). Unnataket er kommunar som har jordmor i kombinasjonsstilling med fødeavdeling i Bergen. Vaksdal kommune opplever godt samarbeid med Helse Bergen. Avdelingsleiar for tverrfagleg helse har jamleg kontakt med leiinga, og me kan nytte Helse Bergen sin ressurs inn i planarbeid og på systemnivå. Jordmøttenesta Helse Bergen har levert, har vore stabil. Den har sikra vikar ved lengre tids fråvær, og me har hatt svært lite gjennomtrekk av jordmødre. Gravide i Vaksdal kan ringje fødeavdelinga på Voss eller KK heile døgnet og få råd og rettleiing på spørsmål som ikkje fastlege eller legevakt kan bistå med. Vår jordmor, som sjølv jobbar ved fødeavdelinga i helseføretaket, har kort veg for å oppsøkje informasjon, råd og hjelp.

1. Kor mange hadde heimebesøk av jordmor i 2022 og 2019?

2. Kor mange hadde heimebesøk frå helsestasjonen i 2022 og 2019?

Svar:

I 2019 fekk 27 oppfølging av helsesjukepleiar i heimen. 3 familiar valde å komme til helsestasjonen. 1 familie vart kalla inn til helsestasjon pga. ferieavvikling. 3 fekk oppfølging av jordmor som erstatning for helsesjukepleiar i heimen.

I 2022 fekk 25 oppfølging av helsesjukepleiar i heimen. 7 familiar valde å komme til helsestasjon. 4 fekk heimebesøk av jordmor (frå september).

Frå september 2022 vart det rutine i Vaksdal kommune at jordmor reiser på heimebesøk ved behov. Jordmor tek kontakt med barselkvinna etter fødsel for å avtala eventuelt heimebesøk. Dette kjem i tillegg til tilbod om heimebesøk frå helsesjukepleiar.

Tal registrerte fødsjar i Vaksdal kan avvike noko frå registreringa av oppfølging etter fødsler. Det har samanheng med at foreldre flyttar frå/til i løpet av graviditeten eller rett etter fødsel.

Voss sjukehus melder om god kapasitet på barsel, og har dermed tilbod til alle barselkvinner om å bli så lenge det er behov for det etter fødsel. Voss sjukehus gjev tilbakemelding at oppfølginga av kvinner etter fødsel verkar god i Vaksdal. Dersom Vaksdal periodevis skulle ha utfordringar med å følgje opp enkeltkvinner, kan kvinna få tilbod om lenger opphald på barsel. Dette gjeld også dei andre kommunane kring Voss. Sjukehusa har ansvar for barselkvinna/barnet første 5 døgn etter fødsel, dermed kan ein fritt kontakta Voss føde og barselavd/barseltelefonen på KK innanfor denne perioden. Dette blir opplyst før heimreise.

Førebels tal gravide i Vaksdal i løpet av 2023 er 22 kvinner.

3. Har tenestene ein strategi for å auka tal barselforeldre som takkar ja til heimebesøk?

Svar: Heimebesøk til barselforeldre er frivillig å motta. Det vil sei at familien kan velje å takke nei til dette tilbodet og heller få oppfølging i lokala til jordmor og helsestasjon. Dei aller fleste takkar ja til heimebesøk i Vaksdal. Det blir informert om tilbodet om heimebesøk både under svangerskapet, på fødeavdelinga og når kommunen tek kontakt etter heimkomst. Det er fleire årsaker til at barselforeldre vel å takke nei til heimebesøk, og det er ikkje nødvendigvis knytt til risikofaktorar. Det er førebels ikkje laga nokon strategi for å auke tal barselforeldre som takkar ja til heimebesøk, då dei fleste takkar ja til tilbodet. Dersom trenden snur, og fleire vel å takke nei, må dette vurderast. Då vil det vere naturleg å støtte seg på nasjonale anbefalingar og erfaringar frå andre kommunar med denne problemstillinga.

4. Kva tilpassingar har blitt gjort og korleis er gravide foreldre informert rundt vegstengingar på kveld/natt om korleis ein kjem seg raskt til fødeavdelinga om naudsynt?



Svar: Det er naturleg at ein del gravide i Vaksdal viser bekymring knytt til tunellstenging og fødsel. Jordmortenesta har undersøkt med Vegvesenet og fått følgande attendemelding: Den fødande kan varsle 175 før avreise frå heimen. Då vert vegbana rydda klar, og Vegvesenet stiller med ledebil for å følge den gravide gjennom området. Dersom den gravide har behov for ambulanse, har ambulansetenesta og Vegvesenet eigne prosedyre som skal sikre at den gravide kjem gjennom vegstengingane. Dei gravide får informasjon om denne ordninga via jordmor undervegs i svangerskapet og via fødeavdelinga når dei har kontakt der i forbindelse med fødsel.

5. Er det vurdert/planlagt fødselsførebuande kurs i kommunal regi i Vaksdal?

Svar: Ja, det er vurdert og planlagt gjennomført ca. kvar 3. mnd i Vaksdal. Dette er eit gratis tilbod til den gravide med partner og er i regi av jordmortenesta i Vaksdal. Det er sett tre datoer for kurs ut året.

6. Fødselstala i Vaksdal går per i dag ned. Ser ein at jordmor kan vera ein ressurs også i oppfølginga av barselkvinner i vår kommune?

Svar: Jordmor har pr. i dag kapasitet til å bidra i oppfølging av barselkvinner i vår kommune. Ho gjev råd om prevensjon på etterkontroll, men bidreg ikkje med prevensjon som krev innsetting (spiral og P- stav), då det blir for sjeldan til at ho kan vera god på det p.g.a. for få gravide/fødslar i Vaksdal. Mange vel derfor fastlege eller gynekolog til å utføra dette. I tillegg følgjer både helsesjukepleiar og fastlegar barselkvinna opp i Vaksdal. Fastlegane er ein viktig del av oppfølginga og kan ikkje erstattast av oppfølging frå jordmor. Med friggitt kapasitet for jordmor p.g.a. nedgang i tal fødslar, vil Vaksdal kommune vurdere jordmor sine oppgåver i eit tverrfagleg perspektiv slik at jordmorressursen og kompetansen vert nytta. Jordmor melder om god kapasitet i f.t. tal fødslar dei siste åra.

7. Korleis blir flyktningane blitt fugt opp av jordmor og helsestasjon, vert det gjort tilpassingar i oppfølginga på system- eller individnivå?

Svar: Flyktningar får oppfølging hos jordmor og helsestasjon etter vanlege rutiner, og det vert gjort tilpassingar i oppfølginga av flyktningar og andre med anna nasjonal bakgrunn og kultur. Blant anna supplerer ein med aktuelle tema innanfor nasjonalitet og kultur. Eit døme kan vere tema som omskjering og normar for oppfølging av barn i Noreg. Det vert nytta tolketeneste i oppfølging av flyktningar der det er behov for det.

Helsestasjonen samarbeider med flyktningetenesta i Vaksdal, blant anna om foreldrerettleiing. Når Vaksdal tek i mot flyktningar, vert dette integrert på systemnivå. Her er alle aktuelle einingar og tenesteområde inkludert, blant anna tverrfagleg helse med fastlegar og legekontor, psykisk helse og rus, ergoterapi og fysioterapi, helsestasjon og jordmor.

Skrifleg spørsmål frå Line Eide Vik (Sp):

Spørsmål til ordførar om innkjøpsavtale for daglegvarer til skule og barnehage

Skular og barnehagar er store forbrukarar og kan i nokre bygder vera den største kunden til lokalbutikken. Alle barnehagane i kommunen har tilbod om smørjelunsj og frukt til borna kvar dag. Skulane har mat og helse, og i SFO lagar ein også mat med jamne eller ujamne mellomrom. I tillegg kjem innkjøp til ulike arrangement.

For dei mindre einingane er det no vanskeleg i innkjøpsavtalen å finne gode kvanta av varer som t.d. mjølk og ost, pålegg og frukt. Svinn er blit noko ein nesten må rekne med når ein ikkje kan kjøpe eksakt antal på nærbutikken. Innkjøp krev no planlegging i svært god tid, og ein må ha større kjøp- og frysekapasitet.

For lokalbutikkane i dei fleste bygdene våre er all handel viktig, og kanskje avgjerande for nokre i ei



tid der kjøpekrafta går ned. Det er også godt kjend at utan butikk vert det tungt å opprethalde innbyggjartalet i bygdene. Med dete som bakteppe ynskjer me i Senterpartiet å stille spørsmål til ordføraren.

29.03.2022 handsama kommunestyret sak om Innkjøpsstrategi (sak 14/2022)

I vedtaket heiter det mellom anna:

Hovedmålsetting: Vaksdal kommune legg FN's bærekraftsmål til grunn for alle innkjøp.

Vi ber om at følgjande punkt vert innarbeida i innkjøpsstrategi for Vaksdal kommune.

- Målsetting om auka bruk av lokale verksemder.

- Synleggjering av konkurransar i lokale media og på eigen heimeside

- Kommunen skal syte for at det vert halde kurs for lokale verksemder i Doffin årleg/ved behov

Spørsmål:

1. Korleis er konkurransen som inkluderer daglegvarer til skular og barnehagar lyst ut og gjort kjend lokalt?
2. Korleis er FN's bærekraftsmål vareteke i anbodet (transport, matsvinn m.m.)?
3. Korleis er målsettinga om auka bruk av lokale verksemder vareteke?
4. Korleis ligg kommunen an med å syta for kurs for lokale verksemder i Doffin?
5. Er det mogeleg å dele opp eit framtidig anbod slik at ein kan nå fleire tilbydarar?
6. Vert det gjort ei evaluering av tilbodet ein no nytar seg av?

Svar:

Vaksdal kommune er med på avtalen som Bergen kommune har inngått, på levering av mat til skular og barnehagar. Avtalen er en del av Bergensavtalen, og på generell basis, tar kommunen stilling til om vi vil være med på dei forskjellige delane av Bergensavtalen, etter kvart som konkurransar skal bli lyst ut. Dersom kommunen ikkje vel å vere med på dei forskjellige rammeavtalene, må kommunen sjølv gjennomføre konkurransar etter gjeldene regelverk i Lov om offentlige anskaffelser og tilhøyrande forskrift (anskaffelsesforskriften). Vaksdal kommune har pr nå (i det siste) ikkje arrangert kurs for lokale leverandørar i Doffin men det har heller ikkje vært eterspurnad etter bistand på dette området. Kommunen vil tilretteleggja for dette dersom det er ønske/behov. Det er planlagt at dette kan koordinerast med næringssselskapet etter kvart, dersom det er interesse.

Bergensavtalen

Bergensavtalen er eit innkjøpssamarbeid mellom Bergen kommune og omkringliggende kommunar. Ved utlysing av nye rammeavtaler får me tilbod om å være med på desse avtalene. Om me er over terskelnivået for direkteanskaffingar, takker me som regel ja til deltaking på rammeavtalene. Innkjøpsseksjonen i Bergen kommune sikrar at dei forskjellige sete kriterier blir følgd opp av leverandørane. I kontraktane blir det blant anna stilt krav til arbeidsinnkludering, krav til grunnleggande menneskerettigheter, krav til miljøleing, krav til miljøvenleg transport, krav til merkeordningar, krav til miljø/klima, krav til lønns- og arbeidsvilkår og krav til universell utforming. Alle desse krava støter oppunder FN's bærekraftsmål. Konkurransane vert lyst ut via Doffin.

Rammeavtale – matvarer til skule og barnehagar

Avtalen gjeldande matvarer til skule og barnehagar er gjeldande frå 10.08.22-09.08.24 med moglegheit for opsjon (total varigheit, maks 4 år).

Konkret for denne avtalen stilles det krav til at leverandøren skal følgje dei regler og bestemmingar som til ein kvar tid er gjeldande for anskaffinga, blant anna matlova, matinformasjonsforskrifta, matkontaktforskrifta og alle forskrifter som Mattilsynet forvaltar. Det stillast vidare krav til bruk av økologiforskrifta.

Ulike brukare er tillknyt ulike matavtaler. Kvar enheit bestillar inn det dei har behov for gjennom e-handelsløyssninga.



Det er to ulike prismekanismar i avtalen. Eit utval varer som det handlast mykje av, har leverandøren konkurrert og vunne på gjeldande pris som tildelingskriteriet. Desse varene vil typisk vere noko rimelegare enn i ordinær butikk, blant anna gjeld dette mjølkeprodukta. Øvrige produkt på avtalen har flytande priser, og regulerast ut i frå leverandørs inn-prisar med avtalt påslagsprosent. Innkjøpsordninga kan nokon gonger opplevast dyrare enn om einhetene sjølv hadde gjort direkte innkjøp, fordi alle leverandørs kostnader med administrasjon av kontrakten er innbakt i matvareprisane. Dete inkluderer plukking av varer, levering, arbeid med katalog i bestillingssystemet. Samt eterleving av andre kontraktskrav som krav til arbeidsinnkludering, utsleppsfrø transport mm. Prisene i kontrakten er basert på indeks og råvareprisar. Indeksen for matvarer har den siste tiden økt meir for bedriftsmarknaden enn i forbrukermarknaden. Avtalen inneheld krav om økologiske produkt, som i utgangspunktet vil ha ein lit høgare pris enn matvarer utan same kravet. For å sikre at mindre leverandørar også har moglegheit til å vere med på anbod, ligger det i mange tilfelle inne at krava, f. eks. til miljøvennleg transport, må oppfyllast i løpet av kontraktsperioden, slik at ikkje små leverandørar blir ekskludert p.g.a., manglande moglegheiter for å gjere nødvendige investeringar før kontrakt føreligg.

Kontrakten følgast opp/evaluerast gjennom fortløpande dialog, samt statusmøter og oppfølgande kontraktsmøter mellom innkjøp i Bergen kommune og leverandør.

Som ein offentleg anskaffing må anskaffingsforskrifta følgast. Me må opptre i samsvar med grunnleggande prinsipp om konkurranse. Konkurransar vert anset som eit eigna verkemiddel for å sikre ein mest mogleg effektiv ressursbruk i det offentlege. Konkurransprinsippet framkjem også i EU/EØS-reten og kravet i konkurranse gjeld så langt det er mogleg. Avvik frå prinsippet kan for eksempel vere tillat der det kun føreligg ein leverandør i marknaden og oppdragsgjevaren kan anskaffe ytinga direkte frå leverandøren. Levering av matvarer er omfatande og det stiller krav i leverandøren, som er netopp det, ein totalleverandør. Nærbutikkane i kommunen (som også kan gje Tilbod, for eksempel gjennom sine kjeder) vil blant anna sannsynlegvis ikkje kunne oppfylle krav til f. eks. kjølekjede ved transport, utan å gå til anskaffing av eigna køyretøy. Å dele opp anbodet for å tilrettelegge for nærbutikkane er ikkje eit alternativ då kommunen må inngå avtale med ein leverandør som må dekke kommunen sit behov i alle barnehagar og skular. Me er over lågaste verdi for direkteanskaffing, og det er viktig at me følg regelverket om konkurranse og påfølgande kontraktsinngåing.

Å la einhetene sjølv foreta innkjøp kan bryte med konkurranseprinsippet og også bidra til å uthole ein matvarekontrakt, som igjen kan føre til at det blir vanskelegare å inngå kontraktar med konkurransedyktige prisar. Administrasjonskostnadene ved at personale må forlate arbeidsplassen for å handle i nærbutikken må også bli tatt med i berekninga. Å bestille via e-handel vil vanlegvis vere tidssparande samanlikna med å handle i butikk. Avtalen må på konkurranse, og me sparer mykje ressursar ved å delta på Bergensavtalen.

Generell kommentar:

Matvarer for skule og barnehage utgjer ca. 550.000,- i året. Me har fast leveringsdag hos leverandør, og bestiller varer innan ein viss frist i forkant. Pr. no bestiller me varar fredag og får dei levert tysdag. Leverandør er samarbeidsvillig og imøtekommande, og me får bestille varer eter frist der det er naudsynt. Det stilles også krav til leverandør, at f. eks. frukt skal kunne bestillast stykkevis. Å bestille varar kontra handle på nærbutikken fordrar at ein tenkjer lit annleis, men det er ingen grunn til at ein skal ha auka matsvinn av den grunn. Med levering kvar veke vil det heller ikkje være store behov for auka kjøle- og frysekapasitet. Det er også tidssparande å bestille varar og få dei levert. Avtalen me har med leverandør fungerer godt.

Spørsmål frå Ivar Bergo (Sp): Gjeld aktiviteten dagsenter i Elvavegen.

I kommunebudsjettet for 2021 var det sett av 30.000 kroner til dagsenteret, sitat: Felles utstyr ute til



aktivitet, fysisk trening, leik og trivsel. Til dømes trampoline, huskestativ eller liknande.

Eg har snakka med pårørande, som er bekymra for at arbeidet har stogga opp. Noko er gjort; graving, tilkøyring av massar, hengt opp ei basketkorg og sett opp ei bålpanne mellom anna. Noko av dei tilkøyrt materiala ligg i pall på tomta, det er ingen utemøblar, og det ser i det heile tatt ikkje ferdig ut.

Spørsmål:

1. Kan ein rekna med at dette prosjektet vert ferdigstilt i nær framtid?
2. Kan prosjektet leggest inn i tempoplanen?

Svar:

1. Kommunen har ikkje ledige ressursar til å ferdigstille arbeidet sjølv før ferien. I staden arbeider me med å engasjere eksterne ressursar for å få ferdigstilt arbeidet
2. Tempoplanen har oversikt over saker som skal til politisk behandling.

Spørsmål frå Arne Normann (KRF):

1. Korleis er vedlikehaldsstrategien vår i Vaksdal Kommune?
2. Har me ein vedlikehalds-plan?
3. Har me nok menneskelege og økonomiske ressursar til å utføra eit jevnt og godt vedlikehald på alt me eig i kommunen?

Svar:

1. Kommunestyret har vedtatt ein vedlikehaldsstrategi « Frå forfall til fornying». For å redusere vedlikehaldsetterslepet er målet i strategien å gradvis redusere bygningsmasse og bruksareal samt trappe opp FDV-budsjettet til snittet for kostnader for tilsvarande bygningsmasse.

Kommunen har redusert ein del bygningsmasse ved å rive og bygge nytt, men arealet er igjen aukande ettersom fleire bygg er tatt i bruk. Løyvingane til tenesteområdet og følgeleg budsjettet til forvaltning, drift og vedlikehald (FDV) vert redusert kvart år og er kraftig redusert dei siste 5-10 åra.

2. Eigedom har FDV planar for bygg og anlegg i kommunen og samla oversikt.

3. Viser til punkt 1. I budsjettprosessar og årlege budsjettdokument/økonomiplan dei siste åra er det kommunisert at ressursane ikkje er i samsvar med behova for forvaltning, drift og vedlikehald av bygga våre. KOSTRA rapportar viser det same bilete. Kommunestyret har bedt om ei sak på dette i år. Me arbeider med dette og vil legge fram ei sak i haust.

Spørsmål frå Erlend Hesjedal-Johannessen (H):

Kva er rutinane til kommunen ved sal av eigedom? Har ein avtale med meklar, vert det lagt ut på finn?

Vert det gjort verdivurderingar uavhengig, lyst ut på den opne marknaden og evt nytta meklar?

Svar:

Generelt er rutinane i dag at det vert tatt takst, lyst ut via meklar og selt til marknadspris. Eksempel på det er tomtar på Tettaneset og sal av ein del bustadar/leilegheiter i seinare år.

Ved sal av mindre areal vert det ikkje nytta meklar, om aktuelt med konkurranse vert det lyst ut av



kommunen. Eksempel er mindre tilleggsareal, kompensasjonsareal eller anna restareal. I slike tilfelle vert det tatt takst eller brukt gjeldande snittpris pr kvadratmeter.

Tidlegare var det vanleg at kommunen berekna og vedtok ein fast pris for tomtar eller bustader som skulle seljast. Inntekta skulle dekke kommunen sine kostnader for utbygging/tilrettelegging og salsinntekta skulle tilbakeførast til eit konkret prosjekt eller fond. Eventuelt at dei skal dekkje andre kostnader kommunen har med bygget. Eksempel på det er leilegheiter i kommunalt bygg på Fossdalsbakkane og nokre tomter.

Spørsmål frå Trond Olav Magnussen, Høgre

1. Er det montert sikkerhetssystemer for adgang og TV overvåkning på Dale skule slik det var beskrevet i prosjekteringen av Dale skule?
2. Er TV overvåking satt i drift og sikkerhetsgodkjent i samsvar med gjeldande lovar og reglar?
3. Har Vaksdal kommune rutiner for hvordan de handsamar skader og hærverk på sine bygg og anlegg?

Svar:


1. Dale skule har installert eit låsesystem med tilgangsskort. Skulen administrerer tilgangsstyringa for elevar, tilsette og eventuelle besøkande til bygget.

2. Det er kjøpt inn kamera for overvaking av bygget utanom skuletida. Kommunen har rådført seg med Datatilsynet om krav m.a. til behandling av personvern. Kommuneadvokaten har vurdert det juridiske grunnlaget . Det er etablert nødvendige retningslinjer og rutinar for bruk av kamera. Det er utforma og bestilt nødvendige skilt som skal setjast opp på bygget. Når alt er klart vil utstyret bli tatt i bruk. Det er ikkje høve til overvaking i skuletida.

3. Kommunen har rutinar for skader og hærverk på kommunale bygg og anlegg. Hærverk vert meldt til politiet som etterforskar saka. Ved skadar på bygg eller anlegg vert forsikringsselskapet varsla for vidare undersøking. Vidare handsaming i kommunen vil avhenge av politiet eller forsikringsselskapet sin konklusjon.

Svar:

Variasjon i tal lærarar frå hausten 2020 :



Tal lærarar er henta frå GSI-tala som er basert på drift pr. 1. oktober kvart år. Variasjonen ein ser i 2020 – 2021 er grunna:

- Pandemi med behov fro gruppedelingar i større grad enn elles
- Litt utfordringar med å setja ny organisering ved at Dale skule flytta frå Stanghelle til Dale igjen og Vaksdal skulen vart overflytta til Stanghelle.

Skulane reduserte drifta noko gjennom året, avhenging av regeleverk knytt til pandemi

Orientering om Messo

Våre fagfolk vurderer ikkje tilstanden på Messo som akut. Vår fagmann hadde seinast førre veke ei synfaring av bygget og vil halde oppsyn med bygget også framover. Vurderinga er at det ikkje er naudsynt med haste-reparasjon på bygget, heller ei grundig undersøking og ein heilskapleg plan. Bygget er høgt og ha ein kompleks takkonstruksjon. Med tida vil det kunne oppstå lekkasjar, og dete vert fylgd med på. Det har vore fleire mindre lekkasjar frå taket, desse er teta og ein del skifer er byt ut. Nokre av desse lekkasjepunkta viser seg berre fram når det ligg snø/slaps i overgang mellom skifertak og glastak. Vanskeleg tilkomst gjer det ekstra utfordrande å lokalisere lekkasjar i takkonstruksjonen. Eigedom har jamlege kontrollrundar på lekkasjepunkt, og kan ikkje sjå noko særleg eskalering av problemstillinga. Det er ikkje funne større skade på sjølve konstruksjonen. Det er eit krevjande bygg å vedlikehalde ettersom bygget er høgt og takvinkelen er sær brat. Våre fagfolk tilrår at det vert gjennomført ei ny tilstandsvurdering og deretter utarbeidd ein plan for arbeidet. Det er venta at oppdatert tilstandsvurdering vil avdekke behov for eit større rehabiliteringsarbeid, jf. også tilstandsrapport frå 2015. Det vil vere behov for ekstern kapasitet og utstyr stillas) for eit slikt arbeid.



Arbeidet med bestilt sak om Messo er i ein tidleg fase med planlegging og innhenting av informasjon. Ein ny tilstandsvurdering vil vera tilrådeleg for å kunne avdekke behova og utarbeide eit saksgrunnlag til behandling.

Grunna fleire større prosjekt under arbeid fekk me formannskapet sin tilslutning til å prioritere Dalehallen først. Det er naturleg å utgreiinga om Messo i samband med sentrumsplanen som er til oppstart i haust. Arbeidet med mogelegheitsstudie for ny barnehage/bufelleskap på Dale med bruk av Messehagen er og relevant for utvikling og bruk av Messo. Desse prosessane meiner me med fordel kan gå litt parallelt ettersom dei vil påverke kvarandre.

Svar om læremiddel i skulane i Vaksdal etter spørsmål frå Kjartan Haugsnes (SV):

Skulane i Noreg har ikkje eit fastsett pensum. Opplæringa er ramma inn av læreplanar. Den som gjeld no er kunnskapsløftet (2020) og består av sentrale verdiar, kjerneelement, tverrfaglege tema, grunnleggjande ferdigheiter og kompetansemål for kvart fag. I overordna del av læreplanen om kompetanse i faga vert det slått fast at elevane i arbeid med faga skal møte oppgåver og delta i varierte aktivitetar med stadig aukande kompleksitet.

Variasjon er eit hovudpoeng i god opplæring. Vaksdal kommune har i mål for tenestekområde oppvekst og kultur 2023-2026 eit hovudmål om at barn og unge skal ha gode og trygge oppvekst- og læringsmiljø med høg trivsel og høg fagleg kvalitet. Under dette målet er mellom anna det at læringa skal vere variert og kombinere praktiske og digitale metodar og det å vidareutvikla det systematiske arbeidet med grunnleggjande ferdigheiter i barnehage og skule, ein sentral plass under «slik gjer me det».

Med læremiddel meiner ein alle trykte, ikkje-trykte og digitale element som er utvikla til bruk i opplæringa. Dei kan vere enkeltstående eller gå inn i ein heilskap, og dekkjer aleine eller til saman kompetansemål i Læreplanverket for Kunnskapsløftet."(Jf. forskrift til opplæringslova, § 17-1, fjerde ledd). Tradisjonelt vert grupper av trykte læremidlar omtala som læreverk. Digitale læreverk vert omtala som læringsunivers, digitale univers eller portalar for læremidlar.

Digitale læreverk i Vaksdal kommune har me eit digitalt læringsunivers «Skolen» (fleirfagleg) frå 1-10, «Salaby» (fleirfagleg) frå 1-7 og Campus 1-10 (Matematikk). I tillegg har me i arbeidet med leseplanen/den første leseopplæringa «IMAL», som er digitalt tilgjengeleg for læraren og kan nyttast digitalt med elevane. I hovudsak byggjer dette læremiddelet på multisensorisk læring, slik at arbeid med penn og papir er ein sentral del av innlæringa. I arbeidet med leseplanen har ein òg Askiraski, som er leseopplæring basert på høyr, finn, skriv og les. Desse to siste læremidla er og nytta om elevar som er forsinka i leseopplæringa.

Læreverk i Vaksdal kommune nyttar me og trykte læremidlar, særskild for dei yngre elevane, men og for eldre elevar med bakgrunn i målet om variasjon. Det vanlige er eingongsbøker for dei minste i både matematikk og norsk. Desse har ei utforming og oppgåver som mange nok vil nikke gjenkjennande til frå skulegang frå 70-talet. Medan innhald i faga i dag er prega av ny forskning og måtar å sjå verda på, består dei grunnleggjande elementa i å kunne lese og rekne fast. Trykte læreverk er slik ein naturleg del av begynnaropplæringa i både norsk, matematikk og engelsk. Det er særleg i begynnaropplæringa at arbeid med penn/papir i kombinasjon med andre fysiske eller taktile metodar er i bruk. Yngre born treng å bruke heile kroppen i læringa og skulane i Vaksdal har mellom anna mål for 2023 at me opplever motiverte elevar gjennom samarbeidslæring, medverknad og fysisk aktiv læring.

MUNNLEGE SPØRSMÅL:

Line Kydland (SP):

- Om kantklipp ved gangvei.

Kommunalsjef Åse Elin Myking svarte.

Anne Christin Eide (AP):



Vaksdal kommune

- Utvida opningstider og ekstrabemanning i barnehagar.

Kommunealsjef Ann Kristin Bolstad svarte.

Ordfører ber om at Anne Christin (AP) send spørsmålet skriftleg til kommunestyret eller til formannskapet.